

Referat frå styremøte i NNN 18.06.12

Desse møtte (telefonmøte): Doris Jorde, Per Ivar Kvammen, Liv Oddrun Voll, Frode Henanger, Merete Ø. Sortland

Fråfall: Stig Misund, Ragnhild Lyngved

Orienteringssak: UiA, NTNU, UiO og Naturfagsenteret har søkt om å få starta ein Dr. grads skule for realfag. Det er fleire mål med denne skulen, bl.a. å heva kompetansen i realfag i lærarutdanningane ved å utdanna nye doktorar, starta opp forskarprosjekt og tilby kurs til lærarutdannarar.

Sak 1: Retningslinjer for Natur, helse og rørsle i ny barnehagelærarutdanning

Forslag til nasjonale retningslinjer for Natur, helse og rørsle (NHR) blei skrivne av ei faggruppe nedsett Rammepanutvalet leia av Gunnar Stave. Helge Jensen og Merete Ø. Sortland representerte naturfag i den gruppa. I tillegg var det to representantar frå fysisk fostring, ein frå pedagogikk, ein frå mat og helse og ein studentrepresentant. Rammepanutvalet gjorde ein delendingar på utkastet frå faggruppa. Korleis stiller NNN seg til det, var spørsmålet. Sidan det ikkje er semje i naturfagmiljøet om korkje forslaget frå faggruppa, og dei reviderte retningslinjene frå Rammepangruppa har ikkje NNN har ikkje mandat til å meina noko. Implementering av dei nasjonale retningslinjene frå naturfaget si side vil bli tatt opp på konferansen for Kompetansenettverket for lærarutdannarar i naturfag til hausten. Sjå sak 2.

Sak 2: Konferanse for Kompetansenettverket for lærarutdannarar i naturfag

Notoddenseminaret som eksisterte for ein del år sidan er sakna av mange utdannarar i naturfag. Dette seminaret inneheldt både "kanoner" frå utlandet, presentasjon av prosjekt i naturfagmiljøet og fagdidaktiske diskusjonar. I tillegg hadde NNN årsmøtet sitt i løpet av møtet, det var den fagpolitiske delen av møtet. Naturfagsenteret v/Doris Jorde og Marianne Ødegaard (har overtatt etter Jørn Nyberg) vil vidareføra "Notoddenseminaret". I staden for ein dag med Kompetansenettverk onsdagen før Naturfagkonferansen blir det no ein tredagars konferanse som er satt til 14-16.nov. Det blir ein naturfagdidaktisk konferanse. Det vil bli satt av tid til å diskutere måla og rammer for denne konferansen, f. eks. skal ein møtast ein eller to gangar i året og kva er kompetanse ein bygger på. Årsmøtet i NNN blir då lagt til dette arrangementet. Alle naturfagutdannarar vil bli invitert og Naturfagsenteret betalar for 2 personar frå kvar utdanningsinstitusjon.

Det er tre målgrupper for denne konferansen:

Utdannarar frå universitetssektoren, og utdannarar av grunnskulelærar og førskulelærar (høgskulesektoren). Det er stor set dei same personane som utdannar grunnskulelærarar og førskulelærarar.

Liv Oddrun er vår representant inn i programkomiteen for konferansen.

Sak 3: Tryggleik i barnehagen

Noreg er eit spesielt land når det gjeld borns fridom til å røra på seg og utfordra sine motoriske ferdigheiter. No er det ein trend som går i retning av avgrensing av denne fridommen ved at leikeapparat blir fjerna, nokre barnehagar går lite på tur i skog og mark, og det er eksempel på barnehagar der papirfly er forbode. Dette kan få mange uheldige konsekvensar, og for naturfaget blir det svært avgrensande for utøving av naturfaglege aktivitetar. Det er fleire måtar å ta dette vidare. Naturfagsenteret tar det vidare via nettsider for barnehagen som Kari Holter og Guri Langholm arbeider med. Vidare bør ein få det ut i media. Dette blir også ei sak fom kompetansenettverket i naturfag til hausten.

Sak 4: Hovudmålsettingar til NNN

I hovudmålsettingane til NNN som står på nettsidene (<http://www.naturfagsenteret.no/c1876028/seksjon.html?tid=1876029>) er ikkje barnehagen nemnt. Merete sender ut ein mail om forslag til endringar på hovudmålsettingar til hausten der det er ein svarfrist for tilbakemelding frå fagmiljøet på om endringane er ok.

Eventuelt: Kunnskapsdepartementet: Kompetanse for kvalitet. Strategi for videreutdanning av lærere

I strategiplanen [Kompetanse for kvalitet](#). Strategi for videreutdanning av lærere er naturfag heilt ute. Kommunane, NHO og KD har ikkje gjort noko ting med det. Naturfagsenteret arbeider med å få kommunikasjonslinjer til fylke og kommunar via dei seks regionane for lærarutdanning for å koma i kontakt med politisk leiing. Dei største kommunane som Oslo, Bergen og Trondheim har fokus på naturfag likevel, bekymringa gjeld dei mindre kommunane.

Oppfølging av tidlegare sak: Frode har tatt oppdraget med å kartleggje tildeling av ressursar til naturfagundervisning og andre spørsmål relatert til det. Han vil sende skjema som han har laga til undersøkinga til styret ein av dei næraste dagane. Denne kartlegginga vil vera klar til konferansen 14-16.11.

Stord, 07.08.12
Merete Ø. Sortland
Ref.